

Øystese sokneråd
5610 Øystese
Sakliste, Øystese Sokneråd

Stad: Øystese bedehus
Dato: **tysdag** 03.12.2024
Tid: kl. 19.00-2100
Soknerådsmøta er opne.

| Dato: 03.12.24 | | |
|---|--|---|
| Til stades : Roar Strømme, Anne Christin Myklebust, Hilde Måge Kristiansen, Anne Britt Berge, Kjell Arne Gjørn, Kjell Dysvik, Astrid Lunestad, Ruben Øystese, Therese Rykkje | | |
| Ikkje til stades: Gunnlaug Sekkingstad, Bård Magnus Lundestad, Aina T. Vågen | | |
| NR: | SAKER: | MERKNADER: |
| 1. | Godkjenning av innkalling, referat, sakliste + ord for dagen | |
| INFO | Innkomen post, økonomi, mm | <ul style="list-style-type: none">- Referat soknemøte- Brev til soknerådet om soknerprestrekuttering- Innspel om diakonitiltak- Orientering om fellestrådet og budsjett/innsparing- Innspel om føredragsarrangement (sjømannskyrkja)- Orientering om vedtak i nabosokna: ny misjonsorganisasjon etter Himalpartner. Dette punktet tek ein opp att neste gong. <p>Punkta ovanfor vart informert om og drøfta. Når det gjeld arrangement i kyrkja, vart me einige om å sjå kva soknerådet i Vikøy arrangerer. Me kan ha i bakhovudet om ein skal laga eit arrangement i regi av soknerådet her i Øystese også.</p> |
| 1 | Evaluering av gudstenester mm | «Fest på kjerka» var eit populært arrangement. Neste års arrangement vert også i slutten av november. |

| | | |
|---|--|--|
| | | <p>«Lys vaken» vart avlyst då det var for få påmelde.</p> <p>Bra oppmøte på familiegudstenesta der Kvinne og familielaget stilte med kaffimat!</p> |
| 2 | Tildeling av kyrkjelydsoffer 2025 | <ul style="list-style-type: none"> - Framlegg til fordeling vart lagt fram i møtet. Konfirmantarbeid bør få offera når det er konfirmasjon. <p>Søndagsskularbeidet lokalt bør få offeret på 17.mai. Kven som skal få offeret i september står ledig då det er greitt med litt fleksibilitet. Med desse tilføyningane vart framlegget vedteke.</p> |
| 3 | Julekrybbe | <ul style="list-style-type: none"> - Initiativ til at også Øystese kyrkje skaffar seg julekrybbe – til komande jul - vidareføring frå sak i oktober. Me er ikkje heilt i mål med dette, men soknerådet vart einige om å setje opp ei mindre julekrybbe som kan stå i våpenhuset no i desember. |
| 4 | Rekruttering til soknepreststillinga | <ul style="list-style-type: none"> - Vidareføring av sak frå mange soknerådsmøte. Vurdering av utdanningsvikar-ordning for vårt sokn. Roar/Kjell orienterer om møte med Ålvik sokneråd, prost, kyrkjeverje og prestane 26.11. Sjå vedlagt link om retningslinjene for såkalla PUU. <p>Innstilling: Soknerådet bed bispedømerådet ta med følgande punkt ved neste gongs utlysing til soknepreststilling: Stillinga er også open dei som søker på prest-under-utdanning-vilkår.</p> |
| 5 | Vurdering av arbeidsformene i soknerådet | <ul style="list-style-type: none"> - Aktuelt: Skal vi bruke underutval til soknerådet slik som Vikøy: - Eigen kulturkomité - Arbeidsutval - Forbetringpunkt til møteformen/talet på møte? <p>Me vart einige om å halde på noverande form. Neste møte i januar lyt soknerådet konstituere seg for komande år.</p> |

| | | |
|---|--|--|
| | | |
| 6 | Kvalitetssikring av oppgåver neste månad | <ul style="list-style-type: none"> - Allsangkveld (18.12.), behov for hjelp med pynting frå klokka 18-19. Anne Christin kan vera med. - Gudstenester: ok - Oppstart arbeid med oppgåveliste for 2025 (gudstenester, kyrkjevert mm). Me fylte inn på omgang, men her blir nok litt endringar. |
| | Eventuelt | <p>Det bør ryddast i teiknesakene i «barnekroken» i kyrkja. Konfirmantane kan gjerne vera med å hjelpa til med opprydding i teiknesakene i kyrkja.</p> <p>Kvifor er ikkje lukene opne når det ringjer med klokkene? HMS kan vera ei årsak.</p> <p>Det er kome ca 300 000 kr til utetiltak. Ein kan få ledlys til kyrkjegården.</p> <p>Sakshandsamar om golvteppe til kyrkja lovar at det snart er gang!</p> <p>Hugs konsertane framover! Mykje bra musikk!</p> |
| | | Møtet vert avslutta med “Vår far”. |